

STRANDA KOMMUNE  
Kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

---

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

**måndag, 24.06.2013 kl. 10.00 i Rådhuskjellaren**

### SAKLISTE:

- Sak 15/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 16. april 2013
- « 16/13 - Årsmelding 2012 - Stranda kommune
- « 17/13 - Kommunerekneskapen 2012 - Stranda kommune
- « 18/13 - Strandafjellet KF - rekneskap 2012
- « 19/13 - Stranda Hamnevesen KF – rekneskap 2012
- « 20/13 - Selskapskontroll - oppfølging av denne frå rådmannen si side

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
STRANDA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato 16.04. 2013 kl. 16.05  
Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Randi Strand Overaa, Magnar Furset, Eva Rinde Habostad og Svein Kvaløy.

**= 5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll  
Frå Stranda Kommune møtte ordførar Jan Ove Tryggestad, konst. rådmann Kjartan Lied og økonomisjef Ståle Anker Ljøen.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Til sak 11/13 kom det revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2012 etter ordinær innkalling var sendt ut samt revisjonsmelding 2012 for føretaka. Dei to siste vart behandla som tilleggssaker.

**SAK 09/13  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 12. MARS 2013**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 12. mars 2013 blir godkjent.

**SAK 10/13  
SAKSBEHANDLING VEDKOMANDE SEAWALK - PROSJEKTET**

Saksdokument datert 11.04.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Utgangspunkt for saka:

- Brev frå Frank Sve, Dag Bratseth og Ole Jørgen Sve datert 25.03.2013
- Hovuddokument sak 029/13 – Fast utval for plansaker

- Sak 67/13 – Miljø og kommunalteknikk
- Orienteringsak til kommunestyret 17.04.2013.
- Notat datert 05.04.2013 frå advokat Kvammen

## 1.0 Bakgrunn

Kontrollutvalet har motteke brev datert 25.03.2013 frå kommunestyrerepresentantane Frank Sve, Dag Bratseth og Ole Jørgen Sve (Frp) vedkomande saksbehandling og behandlingsrutinar for SeaWalk-prosjektet i Geiranger.

Parallelt med dette har dei same framsett lovlegkontroll på vedtaket i kommunen sitt faste utval for plansaker, PLA i møte 20.03.2013 i sak 029/13.

Ut i frå saka sin karakter og offentlege interesse vil kontrollutvalet gje ein uttale om saka. Samtidig presiserer ein at utvalet ikkje kan å gå inn på fylkesmannens kompetanseområde etter kommunelova sin § 59. Oppheving av vedtak ligg til fylkesmannen, og kontrollutvalet er i utgangspunktet ikkje klageorgan.

## 2.0 Utgangspunktet for saka

Saka gjeld eit tiltak som er søknadspiktig etter plan- og bygningslova § 20-1. Dersom tiltaket er i strid med kommuneplanens arealdel, reguleringsplan eller krav i lov eller forskrift, må tiltakshavar i tillegg søke dispensasjon. Det kan ikkje setjast i gang tiltak før søknaden eventuelt er imøtekomen. Søknad, prosjektering, utføring og kontroll av tiltak skal gjerast av føretak med ansvarsrett i samsvar med lovverket.

Kommunen har plikt til å vurdere om det skal gjevast løyve på bakgrunn av innsendt søknad. Lovverket set opp klare krav til saksbehandlinga.

### 3.0 Roller.

Lovverket set eit viktig skilje mellom utbyggjar/tiltakshavar og kommunen sine roller. Utbyggjar si rolle er som namnet tilseier knytt til utbygging og ansvar for bygget sin kvalitet. Kommunen si rolle er gjennomføring av saksbehandling og tilsyn.

Søknaden om dispensasjon skal vere underteikna av utbyggjar og søkjar, og skal gi dei opplysningane som er nødvendige for at kommunen skal kunne gi løyve til tiltaket.

## 4.0 Merknader til saksgangen

På eit tidleg stadium er det ei samanblanding av aktørar. Det er uklart kven som er tiltakshavar. Er det Stranda hamnevesen, Stranda kommune eller eit selskap under etablering med lokal forankring i Geiranger?

Kystverket seier i sin høyringsuttale at kommunen bør vurdere sitt mynde til behandling av dispensasjonen i relasjon til at kommunen også opptre som søkjar.

Ved brev av 27.02.2013 har Hammerø & Storvik Prosjekt AS søkt om dispensasjon " i forbindelse med forestående byggesøknad".

Det går ikkje fram av søknaden kven firmaet representerer , men det er naturleg å legge til grunn at dette skjer på vegne av den som står bak den "forestående byggesøknad". Det vil i så fall seie tiltakshavar og søkjar.

Det som kan villeie noko er at det blir vist til pressemelding av same dato frå Stranda Hamnevesen KF der det heiter at "Stranda Hamnevesen har besluttet at det skal etableres en Sea Walk..... Byggingen av Sea Walk skal fullfinansieres av selskapet SeaWalk Geiranger AS..... Sea Walk representerer således ingen kostnader eller økonomisk risiko for Stranda Havnevesen eller Stranda Kommune....."

## 5.0 Krav til søknaden om dispensasjon

Ved vurdering av dispensasjon frå reguleringsplanen gjeld m.a.:

- at det er mottatt grunngitt søknad om dispensasjon (§ 19-1)
- nabovarslar skal ligge ved, men dette er ikkje nødvendig når dispensasjonssøknad blir fremja samtidig med søknad om løyve etter kapittel 20, eller når søknaden openbart ikkje vedkjem naboens interesser
- regionale og statlege styresmakter skal ha høve til å uttale seg innanfor sine saksfelt.
- innan visse grenser kan det settast vilkår for dispensasjonsvedtaket (§ 19-2)

## 6.0 Søknad om rammeløyve

Søknaden datert 05./13.03.2013 om rammeløyve er innsendt av Hammerø & Storvik Prosjekt AS som ansvarlig søkjar og SeaWalk Geiranger AS som tiltakshavar. Sistnemnde ser ikkje ut til å ha signert søknaden. Nabovarslar er utsendt 28.02.2013.

## 7.0 Mynde

Stranda Hamnevesen KF si rolle kan mistolkast som følgje av pressemeldinga. Dette må det kunne vere råd å rette opp. Det synest også gjort.

I brevet frå Frank Sve m. fl. er det uttrykt misnøye med at politiske organ ikkje har fått teke del i behandlinga av saka. Stranda hamnevesen KF er ingen eigen juridisk instans, men styret kan inngå avtalar som bind opp kommunen innanfor føretakets formål (koml. § 73). Denne "normalkompetansen" kan kommunestyret innskrenke. Det er ikkje gjort i Stranda kommune. Det er altså *ikkje* slik at kommunestyret i enkeltsaker treng å delegere mynde til føretaket, så lenge det ikkje er gitt avgrensingar i normalkompetansen. Dette er også i samsvar med praksis for delegasjon i kommunen.

Kontrollutvalet meiner derfor at framforhandlinga av signert avtale mellom Stranda hamnevesen og SeaWalk Geiranger er innanfor kompetanseområdet til styret i STHA. Utvalet føreset då at avtalen ikkje bryt med vedtekter, økonomiplan, årsbudsjett og andre retningslinjer kommunestyret har fastsett (koml. § 67).

Om endeleg godkjenning i kommunestyret, sjå eige avsnitt.

## 8.0 Nærare om behandlinga av dispensasjonssøknaden i planutvalet (PLA)

Kontrollutvalet gir medhald i kritikken som kjem fram i brevet til utvalet når det gjeld forhold ved behandlinga i PLA 20.03.2013. Spesielt gjeld dette hasteinnkallinga til møtet, manglande konsensus for behandling av saka på så kort varsel, brot på kommunens møtereglement, vesentlege formelle feil ved søknadsdokumenta, uklare ansvarsforhold, manglande opplysingar om tiltakshavar.

Kontrollutvalet meiner at fleire av desse forholda kvar for seg burde føre til utsetting av saka.

## 9.0 Habilitet

I klaga på vedtaket i PLA er det framsett påstand om inhabilitet for plan- og utbyggingssjef Steinar Belsby, som var sakshandsamar for saka i planutvalet. Bakgrunnen for dette er i følge brevet til kontrollutvalet at "saksbehandlar er same person som på vegner av Stranda kommune søkte dispensasjon i denne saka og sendte høyringar til fylkesmannen, Kystverket, osv". I brevet blir det også vist til oppmodinga frå Kystverket til kommunen om å vurdere sitt mynde ettersom kommunen også opptretr som sækjar.

Kontrollutvalet er samd i at før det vart rydda opp i samanblandinga av roller, var plansjefen og kommunen inhabil i ein søknadsprosess om dispensasjon. Til møtet i PLA 20.03.2013 var det mange manglar ved saka, som kvalifiserte til utsetting, men det var avklart at kommunen ikkje var tiltakshavar. Det går ikkje fram av protokollen for møtet at det vart reist spørsmål om habilitet overfor plansjef. Regelverket er også slik at etter forvaltningslova § 8 er det tenestemannen sjølv som avgjer om han er inhabil (i motsetning til folkevalde). Dersom ein part krev det eller tenestemannen sjølv finn grunn for det, skal spørsmålet leggjast fram for næraste overordna til avgjerd.

Det er ikkje opplyst at det kan vere tale om personlege interesser i forhold til tiltakshavar. Det kan også vurderast om feilvurderinga av kven som var dispensasjonssækjar er eigna til å svekke tilliten til at plansjefen opptretr upartisk (fv. § 6 andre ledd). Kontrollutvalet kan ikkje så at så er tilfelle.

I brevet til kontrollutvalet kan vi ikkje sjå at det er gitt nærare grunnar for inhabilitet i forhold til lovens krav.

Jamvel om kontrollutvalet meiner at det i denne konkrete saka ikkje er tale om formell inhabilitet etter lovens krav, bør det vere ein god regel for ettertida å unngå rolleblanding, m. a ved å unngå at tenestemenn blir for sterkt involvert i prosjekt som han eller ho skal saksutgreie for vedtak i kommunale organ.

## 10.0 Godkjenning av avtale i kommunestyret

Hovudregelen er som det går fram av punkt 7.0 ovanfor, at ein avtale som kjem inn under normalkompetansen til eit kommunalt føretak ikkje treng godkjenning i kommunestyret.

I avtaleteksten i den signerte avtalen med SeaWalk Geiranger AS er det teke atterhald om kommunestyrets godkjenning "dersom det er nødvendig". Styret i STHA har i styremøte 09.04.13 vedtatt å legge avtalen fram for godkjenning i kommunestyret.

Styret har med dette avskore vidare debatt om vedtak i kommunestyret er nødvendig eller ikkje. Styret har i prosessen vore usikre på eigen mynde, og ut frå den debatt og offentlege interesse saka har medført, meiner kontrollutvalet at styrets vedtak om behandling i kommunestyret er rett.

I saksutgreiinga frå STHA til kommunestyret er det vidare gitt supplerande opplysingar som gjer at saka er betre opplyst for politisk aksept. Det vil etter kontrollutvalets vurdering styrke Seawalk-prosjektet at avtalen mellom partane er forankra i ei godkjenning i kommunestyret.

Kontrollutvalet vil ikkje utelukke at også andre forhold i saka vil bli undersøkt. Dette gjeld m.a. forhold relatert til Robek, Lov om offentlige anskaffelser og saksbehandling.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saksutgreiinga ovanfor utgjer kontrollutvalet sin forlelepige uttale om saksbehandlinga jf. brev frå kommunestyremedlemmane Frank Sve, Dag Braseth og Ole Jørgen Sve av 25.03.2013.

#### **SAK 11/13**

##### **VEDKOMANDE KOMMUNEREKNESKAPEN 2012 REVISJONSMELDING 2012 DATERT 15.04.2013**

Revisjonsmeldinga er avgitt på bakgrunn av at kommunen ikkje har levert årsrekneskap og årsmelding. Revisor kan derfor ikkje uttale seg om årsrekneskapen.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

#### **SAK 12/13**

##### **OPPFØLGING AV KOM 156/12, VAR – VURDERING**

Saksdokument datert 11.04.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.  
Det kom fram at oppfølginga vil skje ved revisjon av kommunerekneskapen for 2012.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

#### **SAK 13/13**

##### **REVISJONSMELDING 2012 DATERT 15.04.2013 – STRANDA HAMNEVESEN KF**

Saksdokument datert 16.04.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Revisjonsmeldinga er avgitt på bakgrunn av at kommunen ikkje har levert årsrekneskap og årsmelding. Revisor kan derfor ikkje uttale seg om årsrekneskapen.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 14/13**

**REVISJONSMELDING 2012 DATERT 15.04.2013 – STRANDAFJELLET KF**

Saksdokument datert 16.04.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Revisjonsmeldinga er avgitt på bakgrunn av at kommunen ikkje har levert årsrekneskap og årsmelding. Revisor kan derfor ikkje uttale seg om årsrekneskapen.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

Randi Strand Overaa  
nestleiar  
(sign.)

Magnar Furset  
medlem  
(sign.)

Eva Rinde Habostad  
medlem  
(sign.)

Svein Kvaløy  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Stranda kommune

Dato: 20.06.2013

**SAK 16/13**  
**ÅRSMELDING 2012 – STRANDA KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2012 – Stranda kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

1. Kontrollutvalet tek årsmelding 2012 for Stranda kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet presiserer at årsmelding er levert etter fristen som er den 31. mars 2013.

Harald Rogne  
dagleg leiar



**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Stranda kommune

Dato: 21.06.2013

**SAK 17/13  
KOMMUNEREKNESKAPEN 2012 – STRANDA KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2012 - Stranda kommune
2. Stranda kommune - kommunerekneskapen 2012

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

Stranda kommune har per 31. desember 2012 eit akkumulert rekneskapsmessig meirforbruk på kr 29. 500.520,65. I tillegg har Strandafjellet KF eit akkumulert rekneskapsmessig meirforbruk per 31. desember 2012 på kr 21.300.499,06. Samla sett har Stranda kommune per 31. desember 2012 eit akkumulert meirforbruk på kr 50.801.019,71.

Stranda kommune har, inkludert dei kommunale føretaka, ei lånegjeld per 31. desember 2012 på kr. 888.829.297.

Den høge lånegjelda og det høge akkumulerte rekneskapsmessige meirforbruket sett opp i mot dei samla driftsinntektene til kommunen gjer kommunen sårbar.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**uttale :**

1. Stranda kommune sin rekneskap for 2012 blir godkjent.
2. Det blir vist til kontrollutvalet si løpende oppfølginga over fleire år av kommunen si

økonomiske utvikling medrekna den stadig veksande lånegjelda. Kontrollutvalet er uroa over den økonomiske situasjonen til Stranda kommune.

3. Innan enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47.
4. Kontrollutvalet vil presiser at rekneskapen er avlagt seint i forhold til fristen som er den 15. februar 2013.

Harald Rogne  
dagleg leiar

# Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:  
Ann-Kristin Melseth

Vår dato:  
21.06.2013  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
  
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen

Til  
Kommunestyret i  
Stranda kommune

## KOMMUNEREKNESKAPEN 2012 – STRANDA KOMMUNE – MELDING FRÅ REVISOR

### Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Stranda kommune som viser kr 183 894 807,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 9 738 429,56. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2012, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

### *Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

*Konklusjon*

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stranda kommune per 31. desember 2012, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

**Uttale om andre forhold***Konklusjon med atterhald om budsjett*

Kommunerevisjonen viser til brev datert 09.09.2012 frå fylkesmannen i Møre og Romsdal der det er konkludert med at vedtak om budsjett 2012 er ugyldig. Kommunerevisjonen sin disposisjonskontroll er difor gjort i høve kommunestyret sitt budsjettvedtak i møte 17. oktober 2012, sak 147/12.

Innanfor enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskridingar i høve vedteke budsjett.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen, med unntak av forholdet nemnt ovanfor, er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

*Andre forhold*

Denne meldinga erstattar tidlegare melding, datert 15.04.2013, som vart skriven ved utløpet av forskrifta sin frist for å skrive melding frå revisor. Fullstendig årsrekneskap med tilhøyrande årsmelding var på dette tidspunktet ikkje levert av Stranda kommune.



Kjetil Bjørnsen  
dagleg leiar

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Stranda kommune

Dato: 21.06.2013

**SAK 18/13**  
**REKNESKAP 2012 – STRANDAFJELLET KF**

Som vedlegg følgjer:

1. Revisjonsmelding til rekneskap 2012 – Strandafjellet KF
2. Rekneskap 2012 – Strandafjellet KF

Rekneskapen viser eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 11.662.133,99.

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**uttale :**

1. Strandafjellet KF sin rekneskap for 2012 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga der det går fram at budsjettet for 2012 ikkje var realistisk, noko som er eit lovkrav.
3. Kontrollutvalet vil presiser at rekneskapen er avlagt seint i forhold til fristen som er den 15. februar 2013.

Harald Rogne  
dagleg leiar

Til  
Stranda kommunestyre

## **SÆRREKNESKAPEN 2012 – STRANDAFJELLET KF – MELDING FRÅ REVISOR**

### **Uttale om særrekneskapen**

Vi har revidert særrekneskapen for Strandafjellet KF som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 11 662 133,99 og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 11 662 133,99. Særrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2012, driftsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne særrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at særrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i særrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at særrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av eit særrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av særrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.



*Konklusjon*

Etter vår meining er særrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Strandafjellet KF per 31. desember 2012, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

**Uttale om andre forhold***Konklusjon med atterhald om budsjett*

Særrekneskapen viser at driftsbudsjettet for 2012 ikkje var realistisk. Det vert vist til årsmeldinga frå styret der dette er nærare gjort greie for.

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særrekneskapen, med unntak av forholdet nemnt ovanfor, er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

*Andre forhold*

Denne meldinga erstattar tidlegare melding, datert 15.04.2013, som vart skriven ved utløpet av forskrifta sin frist for å skrive melding frå revisor. Fullstendig særrekneskap med tilhøyrande årsmelding var på dette tidspunktet ikkje levert av føretaket.



Kjetil Bjørnsen  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Stranda kommune

Dato: 20.06.2013

**SAK 19/13  
REKNESKAP 2012 – STRANDA HAMNEVESEN KF**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskap 2012 - Stranda Hamnevesen KF
2. Rekneskap 2012 – Stranda hamnevesen KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**uttale :**

1. Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2012 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet vil presisere at rekneskapen er avlagt seint i forhold til fristen som er den 15. februar 2013.

Harald Rogne  
dagleg leiar



# Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:  
Knut Gunnar Alnes

Vår dato:  
19.06.2013  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet  
Stranda hamnevesen KF

Til  
Stranda kommunestyre

## SÆRREKNESKAPEN 2012 – STRANDA HAMNEVESEN KF – MELDING FRÅ REVISOR

### Uttale om særrekneskapen

Vi har revidert særrekneskapen for Stranda hamnevesen KF som viser eit netto driftsresultat på kr 1 482 967,- og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4 003 537,-. Særrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2012, driftsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne særrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at særrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i særrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at særrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av eit særrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av særrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

*Konklusjon*

Etter vår meining er særrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stranda hamnevesen KF per 31. desember 2012, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

**Uttale om andre forhold***Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særrekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*


Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

*Presisering*

Det blir vist til note 7 som viser sjølvkostberekning av anløpsavgifta. Kostnadane er basert på føretaket si nøkkeltallsfordeling. Denne fordelinga vil bli løpande vurdert. Overskotet er å sjå på som eit bunde fond.

*Andre forhold*

Denne meldinga erstattar tidlegare melding, datert 15.04.2013, som vart skriven ved utløpet av forskrifta sin frist for å skrive melding frå revisor. Fullstendig særrekneskap med tilhøyrande årsmelding var på dette tidspunktet ikkje levert av føretaket.



Kjetil Bjørnsen  
dagleg leiar



Knut G. Alnes  
registrert revisor

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Stranda kommune

Dato: 20.06.2013

**SAK 20/13  
SELSKAPSKONTROLL – OPPFØLGING AV DENNE FRÅ RÅDMANNEN SI SIDE**

Temaet var også oppe i sak 06/12, 12/12 og 04/13 og utgangspunktet er konklusjonane i selskapskontrollen for 2009 som gjaldt alle heileigde kommunale selskap. I 2011 hadde kontrollutvalet også ei oppfølging av eigarskapskontrollen.

I sak 04/13 gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

- 1) Med vising til konklusjonane i selskapskontrollen frå 2009 og dei vedtaka som er gjort i kommunestyret om igangsetting av tiltak i samsvar med rapporten (KOM-020/09), ber kontrollutvalet rådmannen om å gi arbeidet med kontroll av kommunens eigarinteresser tilstrekkeleg prioritet slik kommunestyret alt har vedtatt.
- 2) Konkret ber kontrollutvalet om at det blir sett i gang arbeid med å få utført desse prioriterte tiltaka:
  - a. Formalisere og betre informasjons- og rapporteringsrutinane mellom kommunen som eigar og det enkelte selskap
  - b. Plassere administrativt ansvar for eigarutøving
  - c. Rutinar/verkty for å vurdere selskapa sin løpande økonomiske status
  - d. Formalisert opplegg for løpande informasjon frå selskapa til eigar
  - e. Ta i bruk styrevervregisteret
  - f. Årleg eigarmelding til kommunestyret
  - g. Revisjon av eigarskapsmeldinga frå 2007
- 3) Kontrollutvalet ber om å bli løpande orientert om arbeidet med saka

Det blir no på nytt etterlyst kva arbeid som er i gang for oppfølging av selskapskontrollen.

Harald Rogne  
dagleg leiar